

VARSEL OM OPPSTART

av detaljregulering for Fardalen Aust

– gbnr. 114/194 – Kleppe. Plan-ID: 20230001


Med heimel i plan- og bygningslova §12-8 vert det varsla at Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS sett i gang arbeid med reguleringsplan for Trygge barnehager AS.

Planområdet er på om lag 13,9 daa, og ligg ved Fardalen/Kleppe sør i Øygarden kommune, og har som føremål å leggje til rette for konsentrert bustadbygging, med tilhøyrande leke- og uteområde og infrastruktur. Maks nye bueiningar planframlegget opnar for er 12 einingar, fordelt på 3 firmannsbustader.

Planområdet er vurdert som ideelt for denne type utvikling ettersom det medføre ei fortetting i eit allereie velutvikla bustadområde, og i skulekretsen til Stranda skule.

Planen er delvis i konflikt med overordna plan og reguleringsplan, då «Reguleringsplan for gnr. 14 bnr. 12 - Fardal - Kleppe» frå 2005 seier at gnr. 114 bnr. 194 er regulert til allmennytta formål, mens kommuneplanen (KPA) frå gamle Sund kommune synar at planområdet regulert til bustadformål. I dette høve gjeld reguleringsplanen framføre KPA ettersom den er vidareført gjennom føresegna til KPA

Arbeid med detaljregulering utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing, men krav til ei risiko- og sårbarheitsanalyse.



Merknad til planarbeidet skal sendast skriftleg til Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS, Postboks 103, 5649 Eikelandssosen, eller til post@byggadmin.no innan **10.02.2023**.

Merknader og innspel vil ikkje bli svart ut direkte, men vert vurdert og kommentert i planprosessen. Innsendte merknader blir sendt til kommunen ved innlevering av planforslaget.

Etter utgått merknadsfrist vil eit planforslag utarbeidast, og sendt til Øygarden kommune til 1. gongs handsaming. Deretter sender kommunen planen på offentleg høyring, med ny merknadsfrist.

Ved spørsmål, innspel eller for oversending av planinitiativ og rapport frå oppstartmøte kan ein kontakte Petter E. T. Flotve på tlf.: 95795230 eller petter@byggadmin.no.

Varselet ligg og på vår heimeside

<https://byggadmin.no/kunngjeringar/>

samt <https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/>

[innsyn-og-naring/kunngjeringar-og-hoyringar/](https://byggadmin.no/kunngjeringar-og-hoyringar/)

**BYGGADMINISTRASJON
HARALD BJØRNDAL AS**

**PROSJEKTADMINISTRASJON - REGULERING
KOMMUNALTEKNISK PLANLEGGING**